



Styreårsmelding 2020

Gudbrandsdalsmusea AS har som formål å drive museumsverksemd i samsvar med selskapet sine vedtekter og andre styringsdokument.

Selskapet si selskapsadresse er i **Sel** kommune med følgjande avdelingar

- **Lesja** avd. 3a/Lesja bygdemuseum, marknadsansvarleg og avd. 9/bygningsvernådgjevar
- **Dovre** avd. 3b/Einbustugu og 5b/Oplandsarkivet
- **Vågå** avd. 4/Jutulheimen, 5c-d/Oplandsarkivet inkl. folkemusikkarkivet for norddalen
- **Lom** avd. 2a/Lom bygdamuseum, 2b/Stavkyrkjesenter, 10/Norsk Fjellmuseum og samlingsansvarleg
- **Skjåk** avd. 5a/Oplandsarkivet
- **Sel** avd. 1b/bergverksutstilling, industriregistrator
- **Nord-Fron** avd. 5e/Folkemusikkarkivet for midt- og sørdalen/Oplandsarkivet og 7/Gudbrandsdal Krigsminnesamling
- **Sør-Fron** avd. 1a/adm, 1d/Tusenårsstad, 8/Pilegrimssenter og 11/gardsbutikk
- **Ringebu** avd. 5f/Midtdalsarkivet/Oplandsarkivet og 6/Stavkyrkjeutstillinga

Styret hadde i 2020 5 styremøte (2019: 6) og handsama 36 saker (49). Ordinær generalforsamling vart avvikla 22. september i Ullinsvin, Vågå. Denne var i samråd med eigarane utsett frå mai på grunn av Covid 19.

Museet hadde i 2020 66 484 (83 660) registrerte besøk.

Årsresultatet for 2020 er kr 596 336 (-255 579). Årsresultatet foreslås disponert til styrking av eigenkapital.

Bankinnskott var pr. 31.12.20 kr 4 922 692 (3 791 742). Selskapet har ein eigenkapital pr. 31.12.2020 på kr 2 221 671 (1 625 335).

Styret meiner at årsrekneskapan gjev eit rettvisst bilete av egedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat for selskapet. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 stadfestar vi at forutsetting for fortsatt drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapan.

Av 15 (13) tilsette pr. 31.12.2020 er det 11 menn og 4 kvinner. Det er ikkje sett i gang særskilte likestillingstiltak gjennom året.

Styret har 3 menn og 4 kvinner (personlege vara: 3 menn og 4 kvinner).

Sjuefråværet i organisasjonen er lågt. Det har ikkje vore uhell med person-skade i 2020. Arbeidsmiljøet er godt. Museet er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelse-teneste/Frisk.

Styret kjenner ikkje til at selskapet forureinar det ytre miljø. Det er innført kjeldesortering der det er mogeleg.

Dovre 10. februar 2021

Styret for Gudbrandsdalsmusea AS

Jan Reinert Rasmussen
Styreleiar

Signe T. Rolstad

Cecilie Asp

Thea G Dalen

Birgitte Bay

Trond Ole Haug

Endre Skjåk

Øystein Rudi
direktør/sekr. styret